

# *Bryllaupssamling på Ystebakkane i Syvde 1912.*

*Jostein Nordvik*

I den såkalla «Syvdesamlinga» av glasplatenegativ etter Olaf K. Storegjerde, finst det mange bryllaupsbilde og bilde av brudepar. Ei av dei største samlingane av bryllaupsgjester og andre som har teke vegen til ein bryllaupsgard, finn vi på dette bildet frå eit storbryllaup på Myklebust i Syvde, teke på jonsokafta 1912, og vi kjenner namnet på svært mange av personane som var til stades der for snart 111 år sidan. Dette er eitt av to nesten identiske bilde, som finst i Fylkesfotoarkivet sine samlingar. Det er no Fylkesfotoarkivet som eig dette bildet, som er registrert i Storegjerdesamlinga der som FAKF-100100.510051.



Kyrkjeboka for Syvde fortel oss at 23. juni 1912 vart Sofie Arnesd. Ystebakk gift med Peder Pedersson Opsal. Peder var fødd på bruksnummer 1 på Opsal i Syvde, men fekk frådelt bruksnummer 4, der brudeparet busette seg, og der det framleis bur etterkomarar etter dei.

## **Identifiserte personar:**

Tala i parentes etter namna i den fylgjande teksten er verken bruksnummer eller alder, men viser til nummera på namnekartet på neste side der alle dei 136 personane er nummererte. I alt er 118 av 136 personar meir eller mindre sikkert identifiserte. Det er altså nokre igjen som eg ikkje har funne opplysningar om, og somme opplysningar eg har kan også vere feil, så seg tek gjerne imot rettingar eller nye opplysningar om personar på bildet.



Brudeparet Sofie Arnesd. Ystebakk (9) og Peder Pedersson Opsal (8) sit sjølvsagt i midten framme. Mor til brudgommen, Johanne Martinusd. Myklebust Opsal (6) med storekringla, og faren, Peder Nilsson Opsal (3), sit på venstre side. Den vesle jenta som står mellom dei, er den foreldreause Dorteia Nilsd. Opsal (4). Mor hennar døde i februar 1910. Far hennar, Nils Pedersson Opsal, var bror til brudgommen. I kyrkjeboka for Syvde er det ført inn at Nils kom bort på sjøen den 4. februar 1907. Eit båtlag på veg til sildefiske kollsigde iflg. Artur Vik Myklebust ved Hidsneset. Fleire av mannskapet drukna og kom bort, og i kyrkjeboka står ingen gravferdsdato. I tillegg til Nils Opsal omkom iallfall Hardbakk-Knut og sonen hans, Andreas Knutsson Myklebust frå gbnr. 89.51. Ein av dei som overlevde var grannen til Nils, Petter P. Opsal (51), som står lenger bak i dette bildet.

Mor til bruda, Anna Andersd. Garstøyl Ystebakk (10), sit ved sida hennar, men bruda sin far manglar. Han døde året før bryllaupet. Vidare mot høgre sit Oline-Marta Andersd. Flote (11), og mannen, Enok Andersson Vikebakk (i Bulegene) (12). Enok var bruda sin farbror. Heilt til venstre på benken sit Olai Jonsson Vedlog (2) i skjorteermene og held ein ølbolle i eine handa, og framfor Olai sit Sevrin Vikebakk (1), son til Enok og Oline Vikebakk, og syskenbarn til bruda. Bak skuldra til Olai kan vi sjå kjøpmannsonen Charles Kristiansson Drage (18), son av Kjøpmann Kristian Drage, som etablerte butikk i sentrum i Syvde ca. 1904. Charles døde berre 19 år gammal. På venstre side er det elles fleire ukjende born, men jenta med blomstra kjole er Elise (Lisa) Johannesd. frå Kviene (13). Ved sida hennar står Vilhelm Severinsson Myklebust (Garstøyl) (16). Bak Lisa ser vi systrene Johanne (14) og Gunvor (15) Røys. Jenta i mørk kjole (17) bak Charles Drage, er truleg ei av døtrene til Karen Vedlog g. Frøland (Olai Vedlog var bestefar til denne jenta, som budde i Ålesund), og bak frk. Frøland ser vi bryllaupskokka Rasmine Bentsd. Myklebust (58) i stripa bluse. Rasmine var ofte bryllaupskokke, så henne kan vi sjå på ganske mange bryllaupsbilde frå denne tida. Ofte har ho fat eller kjøkkenreiskap i hendene, og på dette bildet også kan vi skimte at ho held ei tvore eller liknande reiskap.

Til høgre framfor bryllaupskokka står ei jente med blomster i handa (20), Det er Jenny Nilsd. Opsal, brordotter til brudgommen, og mellom henne og nestemann til høgre ser vi det meste av ansiktet på ein gut, som nok er Benjamin Hansson Åsvik (21), sonen til kokka. Guten til høgre er Sevrin Olafsson Opsal (22), som seinare døde av tæring, 27 år gammal, og bror hans, Andreas (23) halvt skjult bak ein ukjend mann. Mannen med kort, mørkt skjegg er far deira, Olaf Andreasson Vik Opsal (24). Rett bak Olaf Opsal står småguten Paul Knutsson Sætre (28), og så systema, med lys bluse, Anna Knutsd. Sætre (29). Ved sida av henne sit far deira, Knut Sivertsson Sætre (30) og eldste bror deira, Johan K. Sætre (31), framfor han. Bak Knut og Johan står Sefora Paulsd. Opsal Sætre (32), kona til Knut S. Sætre. Ved sida av Sefora står Ane Nordal Opsal (73). Ho var frå Garsgarden i Nordalen, og gifte seg med Petter Opsal (51) eit par månader etter at han hadde overlevd det omtala forliset i februar 1907.

Framfor Ane står Peder Abelson Haukeland (34), og bak Ane står Guni Halsteinsd. Myklebust (76) frå Villabøen. Etter det Eline Uvestad fortalde, står tanta til Guni, Dina Martinusd. Myklebust g. Fagerhol/Nybø (72) til venstre for Guni. Kvinna bak Dina skal vere Dina si syster, Dorte Martinusd. Myklebust (71) med svarteplegg, og til venstre for henne – også med svarteplegg – står mor deira, Jensine Nilsd. Myklebust (70). Ho var fødd på Opsal nr. 1, og var tanta til brudgommen, og gift på Villabøen på Myklebust. Til høgre for Dorte kan vi sjå ansiktet til ei mindre jente (74), som truleg er Anna Severinsd. Garstøyl. Ho vart gift Brekke i Syltefjorden. Ved sida av Anna står ei litt eldre jente, delvis skjult. Det er mest truleg Magda Lauritsd. Røys (75). Mor til Magda var Marta Martinusd. Myklebust frå Villabøen, og det er nok Marta (67) vi ser halve ansiktet på mellom Hansebakk-Andreas og Laurits Røys (nr. 66 og 68) når vi forstørrar bildet. Laurits var gift med Marta, og dei kjøpte Røysa-bruket då alle etterkomarane til dei som hadde hatt bruket utvandra til Amerika. Dermed vart Krike-Laurits til Røysa-Laurits. Laurits var ein av dei som forlenga Syvde kyrkje og sette på nytt tårn i 1907. Framfor Magda, mellom Villa-Guni og spelemann Risøen, står truleg ei fjerde av systrene frå Villabøen, nemleg Nicoline Martinusd. Myklebust (77), gift med Peder Storeide (7) som står bak brudgommen.

Går vi fram til brudeparet igjen, sit broren til bruda, Andreas Arnesson Ystebakk (37) på den eine sida bak bruda, og kona hans, Marie Martinusd. Lefdal (38) med eit stettfat eller vase med kveitebrød på den andre sida. Mellom brudgommen og mor hans ser vi Peder Sivertsson Storeide (7), og delvis skjult bak han står Anders Paulsson Røys (33) med Abraham Sørensson Lade (Deple-Abraham) til høgre for seg (35). Rett bak bruda og den kvite slørpynten sit Martinus Jensson på Andersbakkane (40), og bak Martinus ser vi småguten Rasmus Adamsson Bentsen (39) på den eine sida, og far hans, Adam Bentsen (41) berrhovuda på den andre sida, og vidare Andreas Olsson Myklebust (42) (Holå) med mørk hatt, og bak han meinte Eline Ulvestad at vi ser eit glimt av gamle-Grigors, Gregorius Olsson Eikrem (43).

Den kvitkledde dama med kaffikanna er dottera til Enok og Oline, Aletta Ystebakk/Vikebakk (44) som vart gift Leknes i Hjørundfjorden. Dama med koppane på brett er Karoline Guttormsd. Myklebost (Krike-Kalla) (45), som ikkje mange åra etterpå emigrerte til Canada saman med fleire sysken. Den siste unge dama, som held eit staup, er Hanna (Johanna) Nilsd. Opsal (46), som også er brordotter til brudgommen. Rett bak damene står Hans Petter Sætre (47) til høgre og Oskar Skår (48) til venstre, og mannen bak og midt mellom Hans Petter og Oskar, er mest truleg Hans Cornelius Pettersson frå Indre Sætre (49).

Bak borna på venstre side av bildet står Ida Larsd. Myklebust (54) (frå Nilsbøen, seinare gift i Holene) i lys bluse, og ved sida hennar står Gabriella Eikrem (55) (g. Takset). Vidare ser vi Anna Knutsd. Myklebust (Harbakk) (56) og Anna Knutsd. Myklebust (Reiten/Rabben) (57). Dei to Anna-jentene gifte seg med kvar sin av brørne Vedlog – Rasmus og Johan. Til høgre for dei unge damene sit Hanna (26) og Rasmus Jensson Myklebust (27) Breiteig.



Ytst til venstre på nest bakerste rad står Garstøyl-Laura (59) og -Severin (60), og Laura held truleg sonen Johan (61) på armen. Ved sida av Severin står Johan Bjørkelid (62) med hua på snei. Han var også ein av dei som hadde ein periode i USA, men kom tilbake til Syvde og dreiv farsgarden i Vik. Vidare ser vi Andreas Paulsson frå Sjurbakken med postopnarhua (63), og Josef Halsteinsson Brekke (64), som i mange år var ein sentral person i det kristelege ungdomslaget, ikkje minst som dirigent for songlaget Vårbod. Vidare ser vi ein ukjend unggut, og så Andreas Knutsson Myklebust (Hansebakk) (66), som også var ein av dei tre snikkarane som eg har blitt fortalt var ansvarlege for påbygginga av Syvdekyrkja i 1907, då kyrkja fekk den form ho har i dag.

Ytst til venstre og heilt bak står ungjenta Hanna Johansd. Nybø (121), som seinare vart gift med Ivar Ystebakk og flytte til Storeide, og Paula Røys (120) som vart gift Flø i Nakkola-garden i Vik. Bak Johan Bjørkelid, står Sara Worren (118) seinare gift med Matias Vedlog og busett på Koparnes. Ho var meierske og er avbilda i den eigenskap fleire stader, m.a. på eit bilde frå smørmeieriet i Kristigarden i Vik og eit tilsvarande på Reiten på Myklebust. Heilt bak, rett over uniformshua til postopnaren, ser vi ungguten Aron Stranden (116), og ved sida av han, med svart, blankskjolda hue og mørkt slips står Rasmus Olaisson Vedlog (113), som eg hugsar som min barndoms urmakar i Oseberget. Han var også fiskar og hadde ein part i fiskebåt. Rett framfor Aron og Rasmus står Henna Thomasd. Landsverk (114). Mannen med grå dress og sixpence til høgre er Olav Gjerde (111), og mellom han og Rasmus kan vi skimte Johan Røys (112). Så kjem Sella Flø (109) frå Nakkola-garden i Vik (seinare g. Grønningsæter), deretter ei ukjend dame, og så Lina Hånes (Klokke-Lina) (106) frå Rovde. Bak dei står Paul Severinsson Myklebust (107) (Garstøyl). Han utvandra til Canada ikkje så lenge etter. Til venstre bak Sella Flø står Gustav Johansson Nybø (110), og framfor Sella står Bent Sæbjørnsson Lade (69) frå Nilse-garden, som seinare vart kalla Bentgarden.

Litt lenger til høgre kan vi sjå spelemannen (som også var urmakar og handelsmann) Andreas Gabrielsson Risøen (103) med lyfta fele og boge, og til venstre for han står Anna Pedersd. Vik (105), Jakobs-Anna, seinare lærarfru Tollås. Til venstre bak Risøen står Oline Nordal (104). Eline Ulvestad kalla henne Haua-Oline, men Magne P. Nordal opplyser at det namnet viser til ei eldre nemning på gardsbruket Oline kom frå. Då bruket vart delt, vart den parten som Oline budde på kalla Bakken, og Oline skulle eigentleg nemnast som Bakke-Olina. Ho gifte seg med Paul Knutsson Myklebust frå Harbakken (seinare kalla Bakke-Pål) og dei var busette i Nordalen på hennar farsgard. Til høgre bak spelemannen står Karen Martinusd. Myklebust (102) (seinare g. Strand på Kringlemyrbruket i Syvde), Karen Andreasd. Myklebust (101) (seinare g. Øren) og Anne Verniksen Nordal (100). Bak dei står Emma Benjaminsd. Sjørdal (123), Ella Lyslo (124) som var meierske, Guni Martinusd. Myklebust (125) i mørk kjole (seinare g. Nordal), og Johanne Hansd. Brekke (126) i lys bluse. Også Johanne var meierske, og var m.a. med på meieridrift i kjellaren på Arnegarden på Myklebust. Ho vart gift Eggen, og dei utvandra seinare til USA, men mannen omkom og Johanne flytta tilbake til Syvde. Ved sida av Johanne står Ane-Marta Velle (128), seinare gift i Garsgarden i Nordalen, Anna Enoksd. Vikebakk (129) seinare gift med Halstein Josefsson Brekke. Framfor Karen Øren og Karen Strand står Petra Larsd. Myklebust (80) (Nilsbøen) i mørk kjole. Ho var gift m. skipper Knut Andreasson Vik i Ulasgarden.

Framfor Anne Verniksen Nordal står Cesilie Jonsd. Opsal (82) med «svarteplagg». Dotterdottera Sara Olafsd. Opsal (83), (seinare g. Brekke) står framfor henne i kvit bluse, og til høgre bak Sara står Petra Martinusd. Myklebust (99) (seinare g. Fagervoll). Ved sida av Sara står kjøpmannsfrue Anna Drage (84). Framfor dei står Anders Koppehaug (85), også kalla Åpet-Anders, og framfor han igjen har vi Andreas Andersson Røys (52) med hatt og mørkt slips i kvitt skjortebryst og Petter Opsal (51) med skjoldahue. Bak Anna Drage står Anna Hansd. Myklebust (98) frå Jylet (seinare g. Øvregård). Mannen hennar (Knut O. Øvregård) hadde då 11 born frå sitt fyrste ekteskap, og med Anna fekk han

2 til. Til høgre for Anna si skulder kan vi skimte ei noko eldre dame, Marta Andersd. Myklebust (97), gift med Bent Sæbjørnsson Lade (69), busett på Myklebust.

Til høgre for fru Drage (på skrå bak Petter Opsal) står Karoline Skaugset (86) frå Eikrem med mørk kjole og eit langt kjede, saman med mannen sin, Adam Lade Skaugset (88) med «skalk». Mellom Karoline og Adam ser vi Petra Sevrinsd. Opsal (87), gift med Olaf A. Vik Opsal. Bak, på andre sida av Adam Skaugset, ser vi Petrine Sevrinsd. Opsal g. Norvik (89) i stor, lys hatt. Ho har fostersonen Johan (90) på armen. Petra Opsal og Petrine var systre (døtrene til Cesilie Opsal (82) frå hennar andre ekteskap). Johan var son til Petra og Olaf A. Opsal, men då Petra vart alvorleg sjuk medan Johan var heilt liten, vart han fostra opp og seinare adoptert av tanta Petrine og mannen hennar, Johannes, som budde i Nordvika i Vik. Også Johannes er namngitt som ein av dei som stod for kyrkjeombygginga i 1907. Bak hatten til Petrine ser vi ungjenta Anne Johannesd. Myklebust (93) (Kviene), og heilt til høgre står Lilly Kristiansd. Drage (92), seinare gift med los Ragnvald Sørvald og busett i Syvde sentrum.

Dama øvst i bildet med hylkje, er altså - etter det Eline Ulvestad fortalde - Ane-Martha Røys (130), gift med Anders Røys (33) som står fremst i bildet, og ho var mor til Andreas og Paula Røys. I gutaflokken på toppen ser vi ein Garstøyl-gut til venstre, mest truleg Ivar (kanskje Sigvald?) Severinsson (122), så Peder Nilsson Opsal (136), som var bror til Dorthea i første rekkje, og altså foreldrelaust barnebarn av brudgommen sine foreldre. Så kjem Adam (135) og Per (Peder) (134) Arnessøner Ystebakk, Martinus Andreasson (132) og Ola (133) Andreasson Myklebust (frå Holene), og den siste kan vere Bent Pettersson Norvik (131), Svora-Bent, som utvandra til USA, men kom heim igjen til Syvde nokre år før han døde.

Framleis er det fleire bryllaupsgjester eg ikkje veit noko om, og kanskje einkvan av lesarane har løysinga? Nokre andlet er berre delvis synlege, så der vert det ekstra usikkert, men andre er godt synlege med karakteristiske ansiktstrekk, så vi håpar å få på plass endå fleire namn til dette bildet.

### Namneliste, FAKf-100100.510051 - Bryllaup Ystebakk.

I merknadsrubrikken for ein del personar er det ført inn gards- og bruks-nummer (t.d. 89/8) der det er kjent, slik at ein kan finne meir person- og slekts-opplysningar i «Bygdebok for Syvde sokn».

Nr	Fornamn	Etternamn	Merknad – og evt. gards/bruksnummer
1	Sevrin Enokss.	Vikebakk	Buleg-Sevrin - 89/2
2	Olai Jonss.	Vedlog	81/2
3	Peder Nilss.	Opsal	Far til brudg.- 80/1
4	Dorthea Nilsd.	Opsal	Brordotter til brudg. – 80/1
5			
6	Johanne Martinusd.	Myklebust Opsal	Mor til brudg. – 80/1
7	Per (Peder) Sivertss.	Storeide	
8	Peder Pederss.	Opsal	
9	Sofie Arnesd.	Ysteba-kk Opsal	
10	Anna Andersd.	Ystebakk	Frå Garstøylen. Mor til bruda. – 89/8
11	Oline Martha Andersd.	Flote Vikebakk	Buleg-Olina, 89/2
12	Enok Anderss.	Vikebakk	Buleg-Enok, 89/2
13	Elise (Lisa) Johannesd.		Kvie-Lisa, 89/13
14	Johanne Lauritzd.	Røys	89/1
15	Gunvor Lauritzd.	Røys	89/1
16	Vilhelm Sevrinss.	Myklebust	Garstøyl-Vilhelm, 89/20
17	Rasmusd.	Frøland	81/2
18	Charles Kristianss.	Drage	88/21
19			
20	Jenny Nilsd. Opsal		Brordotter til brudg.80/1
21	Benjamin Hanss.	Åsevik	Berge-B 89/

Nr	Fornamn	Etternamn	Merknad – og evt. gards/bruksnummer
22	Severin Olafss.	Opsal	Bakke-Sevrin 80/2
23	Andreas Olafss.	Opsal	
24	Olaf Andreass.	Vik Opsal	Bakk-Olaf 80/2
25			
26	Hanna Andreasd.	Breiteig	
27	Rasmus Jenss.	Myklebust Breiteig	
28	Paul Knutss.	Sætre	
29	Anna Knutsd.	Sætre	
30	Knut Sivertss.	Sætre	
31	Johan Knutss.	Sætre	
32	Sefora Paulsd.	Opsal Sætre	
33	Anders Paulss.	Røys	89/3
34	Peder Abelss.	Haukeland	
35	Abraham Sørenss.	Lade	Deple-Abraham
36			
37	Andreas Arness.	Ystebakk	89/8
38	Marie Martinusd.	Lefdal Ystebakk	89/8
39	Rasmus Adamss.	Bentsen	89/
40	Martinus Jenss.	Myklebust	Anders-Martinus 89/16
41	Adam Bentss.	Myklebust	89/
42	Andreas Olss.	Myklebust	Hole-Andreas 89/17
43	Gregorius Olss.	Eikrem	82/
44	Aletta Enoksd.	Vikebakk Leknes	89/
45	Karoline	Myklebust	Krike-Kalla 89/
46	(Hanna) Johanna Nilsd.	Opsal	Brordotter til brudgommen
47	Hans Petter	Sætre	Indre Sætre 79/1
48	Oskar	Skår	
49	Hans Cornelius Petterss.	Sætre	Indre Sætre 79/2
50			
51	Petter Paulsson	Opsal	Opsal 80/3
52	Andreas Andersss.	Røys	89/3
53			
54	Ida Larsd.	Myklebust	Hole-Ida, 89/17
55	Gabriella	Eikrem Takset	
56	Anna Knutsd.	Myklebust Vedlog	Harbakkane 89/51
57	Anna Knutsd.	Myklebust Vedlog	Frå Reiten 89/10
58	Rasmine Bentsd.	Myklebust	Bryllaupskokke
59	Laura	Nordal Myklebust	Garstøyl-Laura
60	Severin	Myklebust	Garstøyl-Sevrin
61	Johan Severinss.	Myklebust	Garstøyl-Johan
62	Johan Petterss.	Bjørkelid	88/19
63	Andreas Paulss.	Røys	89/3
64	Josef Halsteinss.	Brekke	89/41
65			
66	Andreas Knutss.	Myklebust	Hansebakken 89/14
67	Marta Martinusd.	Myklebust Røys	Frå Villabøen 89/27
68	Laurits Guttormss.	Myklebust Røys	Frå Kriken
69	Bent Sæbjørns.	Lade Myklebust	
70	Jensine Nilsd.	Opsal Myklebust	Villabøen 89/27
71	Dorte Martinusd.	Myklebust	Villabøen 89/27
72	Dina Martinusd.	Myklebust Nybø	Villabøen 89
73	Anne Arnesd.	Nordal Opsal	Frå Garsgarden
74	Anna Severinss.	Myklebust Brekke	Garstøyl-Anna
75	Magda Lauritsd.	Røys	Røysa-Magda 89/1
76	Guni Hallsteinsd.	Myklebust	Villabøen
77	Nicoline Martinusd.	Myklebust Storeide	Villabøen
78			
79			
80	Petra Larsd.	Myklebust Vik	Ulas-Petra, 88/9
81			
82	Cesilie Jonsd.	Sætre Opsal	
83	Sara Olafsd.	Opsal Brekke	
84	Anna	Drage	

Nr	Fornamn	Etternamn	Merknad – og evt. gards/bruksnummer
85	Anders	Sørdal	Koppehaugen/Åpet
86	Karoline	Skaugset	
87	Petra Sevrinsd.	Opsal	Bakke-Petra, 80/2
88	Adam	Lade Skaugset	
89	Petrine Sevrinsd.	Opsal Norvik	
90	Johan Olafss. Opsal	Norvik/Nordvik	Norvik-Jonnen. Adoptert frå Opsal, 88/5
91	Kamilla Adamsd.	Arnesen	88/24, (Kjelde: Ove Bøstrand)
92	Lilly Kristiansd.	Drage Sørdal	
93	Anne Johannesd.	Myklebust	Kvie-Ane
94			
95			
96			
97	Marta Andersd.	Nilsegarden/Bentgarden	Nilse-Marta
98	Anna Hansd.	Myklebust g. Øvregård	Jyle-Anna
99	Petra Martiunsd.	Myklebust g. Fagervoll	Anders-Petra
100	Anne	Verniksen Nordal	Vernik-Ane
101	Karen Andreasd.	Myklebust g. Øren	Hole-Karn
102	Karen Martinusd.	Myklebust g. Strand	Anders-Karn/Iva-Karn
103	Andreas Gabriellss.	Risøen	Kom hit frå Stryn. Handelsmann, urmakar og spelemann.
104	Oline Jakobsd.	Nordal Myklebust	Bakke-Olina
105	Anna Pedersd.	Vik Tollås	Jakobs-Anna
106	Lina	Hånes	Klokkar-Lina (frå Rovde)
107	Paul Severinss.	Myklebust	Gardstøyl-Pål
108			
109	Sella Ivarsd.	Flø Grønningsæter	Nakkola-Sella
110	Gustav Johanss.	Nybø	
111	Olav	Gjerde	
112	Johan Lauritss.	Røys	
113	Rasmus Olaiss.	Vedlog	
114	Henna Thomasd.	Landsverk	
115			
116	Aron	Stranden	
117			
118	Sara	Worren Vedlog	
119			
120	Paula Andersd.-	Røys Flø	
121	Hanna Johansd.	Nybø Ystebakk	
122	Ivar? Severinss.	Myklebust	Garstøyl-Iver
123	Emma Benjaminsd.	Sørdal Teige	Benjamin-Emma
124	Ella	Lyslo	Meierske
125	Guni Martinusd.	Myklebust Nordal	Anders-Guni, 89/16
126	Johanne Hansd.	Brekke Eggen	
127			
128	Ane-Martha	Velle Nordal	
129	Anna Enoksd.	Vikebakk Brekke	Halstein-Anna, 89/41
130	Anne-Martha	Myklebust Røys	
131	Bent Petterss.	Norvik	Svora-Bent ?, 88/10
132	Martinus Andreass.	Myklebust	Hole-Martinus, 89/17
133	Ola Andreass.	Myklebust	Hole-Ola, 89/17
134	Peder (Per) Arness.	Ystebakk	89/8
135	Adam Arness.	Ystebakk	89/8
136	Peder Nilss.	Opsal	Brorson til brudg., 80/1

### **Kjelder/litteratur:**

Synste Møre, 22. mars 1974 + ymse innlegg i 70-åra frå Eline Ulvestad

Diverse samtalar med eldre syvdingar og syvde-ætlingar.

Ministerialbøker og Klokkarbøker for Syvde.

Bygdebok for Syvde Herad (1945) og Bygdebok for Syvde sokn (1974).